



Gol kommune

Henning Melsom
Oredalsåsen 6
1613 FREDRIKSTAD
Norge

Dykkar ref.	Vår ref.	Dato	Utval for natur og næring 2019-2023
	17/03010-19	04.12.2019	

Gnr. 27, bnr. 72 - søknad om bagatellmessig endring av detaljplan for Auenhauglie stølslag

Saka er behandla etter delegert fullmakt frå Utval for Natur og næring.

Heimel for delegering: Delegeringsreglement sist endra i kommunestyret sak K 9/17 den 31.01.17, delegering til avdelingsleiar for utbyggingsavdelinga.

Saksvedlegg:

- Søknad om at klausul om utleigetomt vert omgjort til fritidseigedom, datert 09.10.2019
- Førebels svarbrev, datert 09.10.2019
- Svar på førebels svarbrev med kvittering for betalt gebyr, datert 11.10.2019
- Fakturagrunnlag, datert 11.10.2019
- Oppdatert plankart, datert 17.10.2019
- E-postkorrespondanse, sist datert 30.10.2019
- Nabovarsel, datert 06.11.2019

Saksopplysningar:

Henning Melsom søker om bagatellmessig endring av reguleringsplan for Auenhauglie for å gjere om sin hyttetomt frå utleige til fritidsfremål. Det visast til at mange andre tomtar i området allereie har fått løyve til å endre tomtene sine frå utleige til vanleg hyttetomt. Det er ikkje aktuelt for søkjar å bygge på ein utleigetomt.

Naboar og stølslag er varsla, og det føreligg ikkje merknader innan fristen. Statlege og fylkeskommunale instansar er ikkje varsla då saken er av ein klar lokal karakter. Det er ingen endringar i føresegnene vedrørende utnytting og utforming av bygg.

Gebyr for behandling av bagatellmessig reguleringsendring er registrert innbetalt og sendt ut.

Historikk:

Olav Herman Anthonisen søkte om endring av eigedom gnr. 27, bnr. 72 frå utleige til fritidseigedom den 03.05.2016. På dåverande tidspunkt var Henning Melsom registrert eigar saman med Olav Herman Anthoinsen og Nina Melsom.

HR Prosjekt kunngjorde den 16.08.2017 oppstart av planarbeid for Auenhauglie Stølslag der føremålet var mellom anna å endre fordelinga av utleigetomtar og fritidstomtar innanfor planområdet. I dette høvet søkte Henning Melsom og Olav Anthonisen, to av tre eigarar av eigedom gnr. 27, bnr. 72, om å endre eigedomen frå utleige til fritid, postført 29.08.2017. Den tredje eigaren, Nina Melsom, klagde i e-post datert 12.10.2017 på søknaden då ho kunne tenke seg å bygge på ein utleigetomt. I kunngjeringa av oppstart med planarbeidet gjorde Buskerud fylkeskommune krav om kulturminneregistrering av Auenhauglie. Kombinert med usemje mellom grunneigarane av gnr. 27, bnr. 72 vart både planarbeidet for Auenhauglie og reguleringsendringa sett på vent.

Den 19.06.2019 kom det inn ein ny søknad frå Henning Melsom om omgjerung frå utleige til fritidsføremål. På dette tidspunkt var eigedomen framleis eigd av dei same tre grunneigarane som var ueinige i 2017, og Melsom fekk beskjed om at kommunen ikkje kan behandle reguleringsendringa før han er registrert som eineieigar av eigedomen. Den 06.09.2019 vart Henning Melsom registrert som eineieigar av eigedomen, og siste søknaden inn til kommunen er datert 04.10.2019.

Vurdering:

Søknaden går ut på å endre føremål på tomta frå næringsføremål til fritidsføremål for fritt sal. Prinsippvedtak i kommunestyret datert 31.01.2017 sak 1/17 seier følgjande:

Vedtak

I

Reguleringsplanar i kombinert område kan gjennom reguleringsendring §§12-3 og 12-14 i plan- og bygningslova bli fritatt heilt eller delvis for krav til utleige, jf. kommuneplanens føresegn 2.3, bokstav b. Kommunen som reguleringsmyndighet skal fortsatt ha styringsrett og utøve sin mynde slik at det er mogleg å fortsatt kreve næring i kjerneområder for turistnæring.

II

«Varme senger» spørsmålet for turistbedrift/næringsområde/kjerneområder skal utgreiast vidare gjennom revisjon av kommuneplanen.

Gjennom prinsippvedtaket har kommunestyret lempa på kravet om at 30 % av nytt utbyggingsvolum skal avsetjast til turistføremål og utleige. I etterkant har det vorte godkjend fleire liknande endringar, mellom anna ein i Auenhauglie der to tomter vart endra frå næring til fritid. Denne endringa vart godkjent 20.02.2017. I Bualie vart òg to hyttetomter omregulert frå næring til fritid, vedteke i UNN 07.02.2017, som sak 9/17.

Kommunedirektøren v/administrasjonen finn det forsvarleg å kunne godkjenne fritak om krav til utleige for eigedom gnr. 27, bnr. 72 i Auenhauglie.

VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14 godkjenner kommunedirektøren v/administrasjonen bagatellmessig endring av reguleringsplan for Auenhauglie for endring av føremål frå næringsbebyggelse til fritidsbebyggelse for eigedom gnr. 27, bnr. 72.

Plankart skal oppdaterast i samsvar med vedtaket.

Saka vil bli referert på første møte i Utval for Natur og næring.

Med helsing

Sander Lilleslett
Arealplanleggar

Hanne Cecilie Nes
Avdelingsleiar

Godkjent og ekspedert utan underskrift

Høve til å klage

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Oslo og Viken. Klage skal stilast til Fylkesmannen, men skal sendast til kommunen. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen vedtaket kom fram. De må opplyse datoen for mottak av vedtaket, kva for vedtak de klager på, endringar de ynskjer, og dei grunnar klagen støttar seg på. Klagen må vera underskriven. Iht. forvaltnings-lova er det innsynsrett i saksdokument.

Sjølv om det er høve til å klaga, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks. De kan søkja om å få utsatt iverksetjing til klagefristen er ute, eller til klagen er handsama. Vedtak om utsatt iverksetjing kan ikkje påklagast.